

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.05.2018

ORIENTERINGAR

Jone Engelsvold, seniorrådgjevar, seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse, regionalavdelinga, orienterte om Regionalt forskingsfond.

Trond Juvik, adm. dir. Ferde AS, og Vidar Raa, adm. dir. BT Signaal AS orienterte om Ferde AS og BT Signaal AS.

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. **Aud Karin Oen, SV**, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Ny hurtigbåt mellom Bergen og Askøy

Ny hurtigbåt mellom Bergen og Askøy. Kan fylkesordførar gjera greie for kva som har skjedd i denne saka? Og kva som eg vegen vidare?

Blir ikkje noko av «Sjøens Tesla» mellom Bergen og Askøy | Stord24

[http://www.stord24.no/blir-ikkje-noko-av-sjøens-tesla-mellom-bergen-og-askoy/»](http://www.stord24.no/blir-ikkje-noko-av-sjøens-tesla-mellom-bergen-og-askoy/)

Fylkesrådmannen svarte. Det vil seinare kome sak.

2. **Benthe Bondhus, Sp**, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Eigarforhold til nedlagde ferjekaiar

Kva eigarforhold har dei «gamle» nedlagde ferjekaiane i fylket vårt?

Eks: Steinestø, Bruravik, Brimnes, Sunde og Løfallstrand ferjekaiar.»

Fylkesordføraren svarte slik:

«I stort er det vegegaren som framleis eig ferjekaia etter at sambandet vert nedlagt. I samband med arbeidet med ny drifts og vedlikehaldssstrategi for fylkesvegane vart det gjort ei kartlegging av dei fylkesvegkaiane som vert drifta. Av totalt 36 ferjekaier i fylket er 32 i dagleg drift, 3 er beredskapskaier: Austefjord, Austevollsella og Sunde, og ei museumskaier på Salhus.

Det er sett i gang ein prosess for å selje Bruravik ferjekai til Ulvik herad.

Steinestø ferjekai er ein del av det tidlegare riksvegsambandet Steinestø – Knarvik og såleis eigd av staten. Kaiane er vedlikehaldne som beredskapskaier.»

REGIONREFORMEN

Fylkesordførar orienterte om utviklinga så langt.